



Avisa til Uskedalsdagane er i dag ei kulturhistorisk kjelde og bør sikrast for framtida.

Uskedalen.no har motteke tre svar på notisen om det finst arkiverte aviser frå Uskedalsdagane i perioden 1979 til 1992. Ikkje alle har samlinga komplett, men saman let det seg gjera å finna alle 12 avisene. Dei tre fyrste åra, frå 1976 var det ikkje eiga messeavis, berre omtale og annonsebilag i Grenda og Kvinnheringen. Avisa er ei kulturhistorisk kjelde frå Uskedalen og bør sikrast digitalt for framtida.

Det var primus motor i Uskedalsdagane, Kåre Guddal, som bad Torfinn Myklebust og Kristian Bringedal om hjelp for få ut ei messeavis til kvar av Uskedalsdagane. Mange hjelpte til med skrivning, mellom dei var Nils Fylkse, Harald Sunde, Vidar Haugland, Thor Inge Døssland, Sigvald Eik, Olaf Agnar Gausvik, Åse Myklebust og Randi Røyrvik.

Avisa hadde eit høgt opplag og vart sendt til alle husstandane i Uskedalen, men også til nabokommunane Etne, Stord og Tysnes. Kvinnheringen hadde som ofast jobben med montasjen, Sunnhordland stod for trykken. Nokre gonger vart avisa laga i Grenda.

Innhaldet i avisa var omtale av alle artistane, informasjon om programmet, om messa med alle standane og ikkje minst heilsides artiklar med intervju og historiske tema. Avisa hadde alltid leiar, som ofast ei profilering av sentrumsbygda Uskedalen med attraksjonar frå natur- og kulturhistoriske emne.

Aviser vert i dag digitaliserte og lagt ut på nett. Det kan gjerast med Uskedalsavisa, slik det er gjort på Uskedalen.no med Uskedalsposten. Det er ein jobb å gjera med skanning ettersom alt stoffet berre finst på papir. I denne omgang må avissamlinga frå Uskedalsdagane sikrast i eit arkiv, til ein finn fram til ei digital løysing.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal